

MÅNADSBREV NOVEMBER 2013 BLOMANE

Tema for november er **FORTELJINGA**. Me skal verta kjende med forfattaren **Tor Åge Bringsværd** og hans forfattarskap. Han har skreve eit stort utval av bøker, og me skal bruka mange av dei. Ein del har me i barnehagen, og ein del lånar me frå biblioteket. Hovudfokuset vårt skal vera på TAMBAR-bøkene.



I årsplanen står det bl.a for nov: « Barna får styrkja den kulturelle identiteten sin, og får eit positivt forhold til tekst og bilete som kjelde til estetiske opplevingar og kunnskapar.....»

Utegruppene vil òg vera prega av dette temaet i november. Me skal prøva å leggja til rette for at barna vågar å prøva seg med tolkingar, tekster og diktning.



«Være sammen» har me så vidt begynt på denne veka. Barna har vorte introduserte for Løveloven og Regnbueløva. I slutten av november går me vidare, og då skal dei bl.a. verta meir kjende med løva. Me skal bruka ho som eit «samtaleverktøy». Regnbueløva har nå fått fast plass på ei hylle på avdelinga vår!

- Fint om alle er komne til kl 9.15 når det er utegrupper. Me er vanlegvis ute frå 9.30-12.30
- Barnehagen skal syngja på julemessa på Tryggheim lør 23. nov kl 11.00. Håpar de har høve til å vera med på det. Og takk for flott oppmøte på bedehuset ☺
- Me minnar om at alle barna må ha med gymsko når det står på planen. Gymsokkar, tøflar eller reine joggesko.
- Torsdag 21. nov inviterer Breidablikk kulturbarnehage til førestellinga «Historien om votten» kl 13.00. (Merk tida).
- Høflegheit; - denne månaden øver me på Kan du senda? Kan eg få?
- Me er snart ferdige med observasjonane av barna, og foreldresamtalane er undervegs. Vær greie å skriva dykk opp på liste i gangen.
- Minnar om at barnehagen er stengd på planleggingsdagen fredag 15. november.
- Her ser de «huset» me brukar når me er på tur!



Helsing Margaret, Heidi, Valbjørg, Dorthea, Kari og Berit

*Barnehagens visjon: KJÆRLIGHET, OMSORG, TRYGGHET OG GLEDE.
UNDRING, NYSGJERRIGHET VOKSNE TIL STEDE.*